

Trio-stafetten vert arrangert for 50. gang.

31.05.2016



Fornøgd gjeng på Triostafetten i fjor.

Laurdag 3.september er det klart for Trio-stafetten som truleg er det mest tradisjonsrike idrettsarrangementet som vert arrangert i Kvinnherad. Stafetten vert i år arrangert for 50. gang. Etter oppstarten i 1966 har det berre vore eitt år utan Trio-stafett. Dei 48 første vart arrangert på og rundt grusbanen på Valen. No er arrangementet på Husnes.



Jublar etter god innsats i fjor.

Det var meininga at årets stafett skulle vore arrangert første søndagen i juni, men på grunn av mange arrangementskollisjonar, vart arrangementet utsett. No håpar arrangørane i Trio på ei flott ramme og mange deltakande lag. Fjorårets arrangement føregjekk i flott ver ved og rundt det nye idrettsanlegget på Husnes med 28 deltakande lag. 4 av desse laga kom frå Uskedal IL.

Konkurransen er delt i fleire klassar:

Rekrutt, 6-10 år, 4 etappar som kvar er 60m.

Ungdom, jenter/gutar, 10-16 år, 6 etappar der distansen varierer frå 200m til 900m. Total lengde er 3150m. 3 løparar skal vera 10-13 år og 3 i aldersgruppa 13-16år.

Damer, 4 etappar frå 400m til 900m. Til saman 2400m

Herrar, 6 etappar med etappelengder frå 400m til 1800m som til saman er 6000m.

Uskedal idrettslag ønskjer å kunna stilla med nokre lag i denne kjekke og tradisjonsrike stafetten i år også. Dei håpar mange er interesserte, og dei må gå inn på [skigruppa i UIL si facebookside](#) for å melda si interesse. Der finn ein også meir informasjon.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døsland